

Saksbehandlar: Jenny Stamnes  
Sak nr.: 20/1154-21

## Vedtak namnesak - Gamle Kaupangsvegen

### Rådmannen rår Plan – og forvaltningsutvalet til å gjere slik tilråding

Plan og forvaltningsutvalet tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Adresseparsell 15090 vert med heimel i Stadnamnlova §7 tildelt namnet *Gamle Kaupangsvegen* med adressetilleggsnamna Kjørnes, Vikane og Vedlegjerdet.

### Vedlegg:

1. Namnenemda – Referat 01.09.2014
2. Namnenemda - referat frå møter den 12.03.15 og 17.03.16 Høyringsrunde 1 (27.03.2015 ref: 14/822-8)
3. Saksframlegg – godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune (14/882-11)
4. Saksprotokoll - godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune (14/882, sak 77/15)
5. Saksframlegg – godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune (14/822-15)
6. Notat – nye gateadresser – oppdeling i adresseparseller (14/822-16)
7. Saksprotokoll – namnenemd – adresseregistering, kommunestyret (14/822, sak 61/15)
8. Ny gateadresse – Gamle Kaupangsvegen – mottekne merknader (06.07.2017 ref:17/1587-6)
9. Vedtak i namnesak, varsel om ny adresse: Gamle Kaupangsvegen (20/1154-16, 08.10.2020)
10. Klage på namnevedtak: Gamle Kaupangsvegen (20/1154-18, 14.10.2020)

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Sak frå gamle Sogndal kommune. Formannskapet var då namnemynde.

I formannskapsak 77/15 (vedlegg 3 og 4) vart det vedteke av formannskapet at vegparsell 15090 skulle delast opp i tre parsellar; Kjørnes, Vikane og Vedlegjerdet. Rådmann informerte formannskapet om at dette var forskriftsstridig og at denne saka ikkje kunne vedtakast av formannskapet, då vedtaksmynde for parsellinndeling ligg til rådmann. Saka vart difor endra og vedtak for adressetilleggsnamn vart lagt fram til kommunestyret for endeleg avgjerdsle.

I notat med arkivsaknr: 14/822-16 (vedlegg 6) frå rådmann til kommunestyret er det grunngeve kvifor vedtaket gjort av formannskapet er i strid med lokal adresseforskrift §6.4 og matrikkelforskrifta § 49.

I sak 61/15 (vedlegg 5 og 7) vart det vedteke av kommunestyret at adresseparsell 15090 Gamle Kaupangsvegen får adressetilleggsnamna Kjørnes, Vedlegjerdet og Vikane. Kommunestyret vedtok å legge til adressetilleggsnamn til adresseparsellen. Namnet på adresseparsell er ikkje vedteke i eige vedtak då dette mynde var gjeve til formannskapet gjennom lokal adresseforskrift.

I 2017 (vedlegg 8) vart det sendt ut informasjonsbrev om vidare oppfølging av vedtaket. Dette er ikkje gjennomført som følgje av at det vart opna namnesak.

Våren 2020 kom vurdering av adressenamn attende frå Kartverket, etter vurdering av skrivemåte på namna det vart retta namnesak på. Hausten 2020 tildelte adressemyndet adresse Gamle Kaupangsvegen med adressetilleggsnamn Kjørnes, Vedlegjerdet og Vikane (vedlegg 9).

Adressemyndet vart så gjort merksame på at *Gamle Kaupangsvegen* ikkje er vedteken som parsellnamnet (vedlegg 10).

Adressemynde sender no adressenamnet *Gamle Kaupangsvegen* for parsell 15090 til endeleg avgjerd, og ber samtidig om å få stadfesta adressetilleggsnamn Kjørnes, Vikane og Vedlegjerdet. Etter gjeldande delegeringsreglement handsamer Plan og forvaltningsutvalet sak om vegnamn, men då sjølv vedtaksmynde ikkje er tydeleg delegert, vert saka lagt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Oppsummering av klage – Dagmar Ølnes Lotsberg (vedlegg 10).

*Lotsberg har ingen merknader til husnummer, men gjer merksam at adressestyremakta i Sogndal kommune har ikkje høve til å bruke det ikkje godkjente namnet «Gamle Kaupangsvegen» i adressa, då den vart avvist samrøystes av Sogndal formannskap som er kommunen sin adressemyndigheit. Eit eventuelt nytt vedtak om «Gamle Kaupangsvegen» vil vere ugyldig fordi det er i strid med § 7-2 i lokal forskrift. «Adressenamn skal vere slik at dei ikkje kan forvekslast med andre eksisterande adressenamn eller mykje brukte og allment kjende stadnamn i adresseområde». Syner til at namnet kan forvekslast med «Kaupangsvegen».*

*Klagar viser også til § 7-2 «Et adressenamn bør passe til staden, verke lokalisierende og så langt som råd er, bygge på lokal namnetradisjon der adresseparsellen ligg». «Gamle Kaupangsvegen» har ingen lokal namnetradisjon på denne sida av Kaupangerskogen. Syner til tidligare forslag til namn «Gamlevegen, og at «Kaupangsvegen» ikkje vart nytta i saksutgreia i 2008 eller i saksprotokollen til formannskapet. Syner til rådmannen si saksutgreiing til kommunestyret og peikar på at «Gamle Kaupangsvegen» ikkje er tema i kommunestyret, og dermed ikkje vedteken. Syner til at saksframstillinga er uryddig og gjev rom for fleire tolkingar.*

Vurdering av klage:

Myndet til å gjere namnevedtak for adresseparseller, låg til formannskapet jamfør lokal adresseforskrift for gamle Sogndal kommune. Kommunestyret kan trekke tilbake eit delegert mynde og handsame ei sak sjølv.

Vi viser til vedlegg 1 og 2 – referat frå namnenemnda og vurderingane deira. Det vart lagt fram forslag om «Gamlevegen». Bruk av «Gamlevegen» som namn på adresseparsell 15090 let seg ikkje gjere, då namnet er nytta tidlegare i Årdal og Luster kommune, som ligg i same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse som Sogndal. «Gamlevegen» bør såleis ikkje nyttast jf. adressevedtekta § 7.2 og 7.8. Gamle Kaupangsvegen er føreslegen då dette er den gamle vegen til Kaupanger..

Hovudføremålet med adresseringa er at ein skal få eit einsarta og oversiktleg adressesystem for heile kommunen som gjer det lett for utanforsåande å finne fram til adressatane. Ein samanhengande veg skal jf. adresseforskrifta §8.1 og 2 normalt ha eitt vegnamn for heile vegstrekninga, frå der den tek av frå overordna veg.

Parsell 15090 vart først føreslege til å heite *Gamlevegen*, men etter vurdering endra til 15090 *Gamle Kaupangsvegen*, då *Gamlevegen* alt er i bruk i Årdal og Luster kommune.

Det har også tidligare som innspel/merknad til namn på høyring kome inn forslag om at *Gamlevegen* bør nyttast som adressenamn. Bruk av *Gamlevegen* som namn på adresseparsell 15090 let seg ikkje gjere, då namnet er nytta tidligare i Årdal og Luster kommune, som ligg i same utrykningsområde for brann, politi og ambulanse som Sogndal. *Gamlevegen* bør såleis ikkje nyttast jf. adressevedtekta § 7.2 og 7.8.

## **3. Konklusjon**

Både *Gamlevegen* og *Gamle Kaupangsvegen* er vurderte som forslag til namn på adresseparsell 15090. Gamle Kaupangsvegen er vurdert til å vere det beste alternativet for vegnamn då Gamlevegen kan forvekslast med vegnamn i nabokommunar som er i same utrykningsområde som Sogn Brann og Redning.

Rådmannen tilrår at Gamle Kaupangsvegen vert vedteken som adresseparsellnamn for 15090, og stadfestar kommunestyret sitt vedtak om adresses tilleggssnamn Kjørnes, Vikane og Vedlegjerdet.